



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 30.09.2025

Vår ref.: 202517717-4 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Avgrensa høyring av søknad om løyve til fråvik frå manøvreringsreglement - tapping under LRV i Skålavatn i Luster kommune, Vestland fylke

NVE har motteke ein søknad frå Hydro Energi AS om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet ved å senke vasstanden i Skålavatn med 4–6 meter under LRV (ned mot kote 982). Dette er planlagt i perioden 15. desember 2025 – 25. februar 2026.

NVE vurderer at saka ikkje er så omfattande at det krevjast kunngjering og brei offentleg høyring. Søknaden om midlertidig løyve blir derfor berre sendt på høyring til Luster kommune, Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått ein søknad frå Hydro Energi, datert 02.09.2025 om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet ved å senke vasstanden i Skålavatn med 4–6 meter under LRV (dvs. ned mot kote 982). Årsaka er at Hydro Energi Sogn skal rette avvik i høve til Damsikkerheitsforskrifta og gjennomføre vedlikehalds- og sikringsarbeid i Skagen vassveg. Behovet er særleg knytt til inspeksjon og utbetring av inntakslukene på oppstraums side, samt reduksjon av belastning ved boring og sikringsarbeid. Arbeidet kan ikkje gjennomførast utan å senke vatnet til kote 982. Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9752/V

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer tilbakemeldingar knytt til momenta i søknaden. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til nve@nve.no. Merk e-post med «Høyringsfråsegn» og saksnummer; 202517717 i emnefeltet.

Frist for å sende fråsegn er **31.10.2025**

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Martine Bjørnhaug
seniorrådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent i samhøve med interne rutinar

Mottakarliste:

LUSTER KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

HYDRO ENERGI AS